

# **Norrøn filologi**

Ivar Berg  
Institutt for språk og litteratur, NTNU

Hautsemesteret 2023

Første fullstendige utkast, 10. oktober 2023.

Nokre oppdateringar i kap. 7, 24. oktober 2023.

Forfattern er takksam for rettingar og forslag til forbetringar.

Teksten er skriven for undervisinga i NORD2200 ved ISL, NTNU, hausten 2023.  
©Ivar Berg. All gjenbruk eller vidare distribusjon utan avtale med forfattern er  
forbode.

Skrive i  $\LaTeX$  med 12pt Linux Libertine.

# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1	Avgrensing i tid og rom . . . . .	1
1.1.1	Tid og periodisering . . . . .	2
1.1.2	Rom og geografisk spreing . . . . .	3
1.2	Nemninga <i>norrønt</i> . . . . .	3
1.3	Normalisert norrønt . . . . .	4
<b>2</b>	<b>Norrøn filologi</b>	<b>5</b>
2.1	Filologi som fagtradisjon . . . . .	5
2.1.1	Filologihistorie i lange hopp . . . . .	5
2.1.2	Filologisk praksis . . . . .	6
2.2	Tekstar, tekstkritikk og tekstutgjeving . . . . .	7
2.2.1	Stemma . . . . .	7
2.2.2	«Feil» i tekstkritikken . . . . .	8
2.3	Norrøn filologi i Noreg . . . . .	9
2.4	Norrønt og språkvitskapen . . . . .	10
<b>3</b>	<b>Skrifthistorie</b>	<b>11</b>
3.1	Runer og runeskrift . . . . .	11
3.2	Det latinske alfabetet . . . . .	12
<b>4</b>	<b>Teksthistorie</b>	<b>13</b>
4.1	Runeinnskriftene . . . . .	13
4.2	Dei eldste handskriftene . . . . .	14
4.3	Ulike sjangrar . . . . .	14
4.4	Norrøn poesi . . . . .	15
4.4.1	Eddadikt . . . . .	15
4.4.2	Eddaversemåla – bittelitt norrøn metrikk . . . . .	16
4.4.3	Poetisk språk . . . . .	17
4.5	Norrøn prosa . . . . .	18
4.5.1	Prosimetrum . . . . .	18

4.5.2	Lover og diplom . . . . .	18
4.5.3	Lærdomslitteratur . . . . .	19
4.5.4	Omsett litteratur . . . . .	19
<b>5</b>	<b>Kort om tekstane i NORD2200</b>	<b>21</b>
5.1	<i>Auðunar þáttr</i> . . . . .	21
5.2	<i>Laustiks ljóð</i> . . . . .	21
5.3	Eddadikt . . . . .	22
<b>6</b>	<b>Tekstutgåver</b>	<b>23</b>
6.1	Ulike typar utgåver . . . . .	23
6.2	Kritisk apparat . . . . .	24
6.3	Digitale utgåver . . . . .	24
<b>7</b>	<b>Språkleg variasjon i norrønt</b>	<b>27</b>
7.1	Normalisert norrønt i tid og rom . . . . .	27
7.2	Normalisert variasjon . . . . .	28
7.3	Unormaliserte tekstar . . . . .	29
7.4	Eldre norrønt . . . . .	30
	<b>Litteraturliste</b>	<b>31</b>

# Kapittel 1

## Innleiing

Dette kompendiet gjev eit oversyn over nokre sentrale element i norrøn filologi ut over det som er dekt i Haugen (2001). Den boka er i hovudsak ei innføring i norrønt språk, og da særleg i den kanoniserte forma me kallar *normalisert norrønt*. Her vil eg leggje fram noko om den kultur- og teksthistoriske bakgrunnen og konteksten for tekstane på norrønt språk. Dette er nyttig for den som vil arbeide vidare med norrønt, anten ein er mest interessert i språket, litteraturen eller historia.

I innleiinga skal me kort drøfta korleis ein avgrensar norrønt, før neste kapittel tek føre seg filologi som fagtradisjon, særleg norrøn filologi i Noreg. Dinest er det eit kort kapittel om skrifthistorie, før kap. 4 gjev ein litteraturhistorisk bakgrunn med oversyn over dei viktigaste sjangrane me kjenner norrønt frå. I kap. 5 er det nokre merknader til dei konkrete tekstane me skal arbeide med. Kap. 6 seier litt om ulike typar utgåver, før det til slutt er det nokre merknader til språkleg variasjon innanfor norrønt, både geografisk og historisk. Der ser me på nokre skilnader mellom norsk og islandsk og litt på utviklinga innanfor det lange tidsspennet me reknar som norrøn tid i språkhistoria.

For den som vil lesa meir om norrøn filologi, er *Handbok i norrøn filologi* (red. av Odd Einar Haugen, 2. utg. 2013) ein god plass å byrje. Der er det kapittel om ulike sider ved norrøn filologi, både språklege, litterære og kulturhistoriske. Elles har eg prøvd å ta med ein del relevante referansar undervegs i teksten her, ikkje berre som reine kjelder, men for å vise lesaren vidare i den etter kvart omfattande litteraturen om norrøn filologi.

### 1.1 Avgrensing i tid og rom

*Norrønt* blir bruka om språket i Noreg og Vesterhavssøyane i mellomalderen. I språkhistoriske framstillingar blir perioden gjerne sett til etter synkopetida, med

eit skilje rundt 700–800, og fram til 1350 (Svartedauden) eller 1370. Dette svarar til det som er kalla *vestnordisk* i språkhistorisk samanheng, til skilnad frå austnordisk (gamalsvensk og gamaldansk). Det er greitt å vera klar over at engelsk *Old Norse* og tysk *Altnordisch* ofte blir bruka om all nordgermansk, ikkje berre vestnordisk.

### 1.1.1 Tid og periodisering

Språkhistoria har, så lenge nokon har skrive språkhistorie, vorte delt inn i periodar. Men ein må vera klar over at dette er ei inndeling gjort i ettertid og basert på ulike kriterium. Nokre kriterium er store endringar i språkstrukturen, men språkendringar skjer gradvis og råkar aldri heile språkområdet eller språksamfunnet samstundes, og gjev dermed ikkje eksakte datoar. Andre kriterium gjeld ytre tilhøve som påverkar språket (gjennom språkbrukarane) eller kjeldene til det. Døme på det kan vera innføringa av eit skriftsystem som gjev oss fysiske kjelder til språket, og som gjerne kan daterast meir eller mindre nøyaktig.

Den norrøne (eller gamalnorske) perioden dekkjer tida mellom **synkopetida** og **mellomnorsk**. Synkopetida kan ein rekne som ei eiga overgangstid frå urnordisk til norrønt, men ho blir gjerne rekna inn som ein del av den urnordiske perioden. I synkopetida skjedde mange store endringar som endra språket drastisk, men som berre er direkte attesterte i nokså få bevarte (og vanskelege tolka) runeinnskrifter.

Dei som legg størst vekt på at synkopetida har namnet sitt frå synkopen, reduksjonen av trykklette vokalar, meiner at ho skal reknast fram til synkopane var fullførde litt ut på 800-talet (Myrvoll 2022: 185). Andre vil setje eit skilje kring 700 (t.d. *Norsk språkhistorie I–IV*, hovudred. Helge Sandøy & Agnete Nesse, 2016–18), da den eldre fuþarken med 24 teikn vart erstatta av dei yngre runene med 16 teikn. Ei tredje løysing er å velje eit rundt tal ein stad imellom, 750, som samsvarar med nyare periodeinndeling i historia (Berg 2019). Dette viser at resultatet avheng av kva kriterium ein legg mest vekt på: indre språkhistorie, ytre språkhistorie eller ålmennhistorisk inndeling.

I andre enden har somme føreslege å rekne all norsk fram til reformasjonen som gamalnorsk, for det er ikkje språkleg grunnlag for å setje ei grense i 1350/1370 (Rindal 1993). Dei aktuelle språkendringane byrja delvis tidlegare, og ikkje alle er gjennomførde i alle dialektar enno. Andre held fast på eit skilje kring Svartedauden (Berg 2019). Ikkje fordi Svartedauden i seg sjølv er så viktig, men fordi språket i dei norske kjeldene faktisk ser ganske annleis ut når me kjem ut på 1400-talet, enn det gjer på 1200-talet, og 1350 kan vera eit rundt og fint tal som også skil dei historiske periodane høgmellomalder og seinmellomalder.

Dermed står me att med ei *norrøn tid* frå 700/800 til ca. 1350. Innanfor dette

skil ein gjerne mellom eldre og yngre norrønt med ei grense kring 1050/1100. Eldre norrønt vil da svare til den historiske perioden vikingtid, og frå denne tida har me berre runeinnskrifter. Rundt 1100 kom det latinske alfabetet i bruk, og dermed får me heilt andre kjelder til språkhistoria. Dette vil da kunne reknast som yngre norrønt i språkhistorisk samanheng og svarar om lag til høgmellomalderen i historisk språkbruk.

### 1.1.2 Rom og geografisk spreining

Nokre språklege skilje mellom såkalla austnordisk (opphavet til svensk og dansk) og vestnordisk (opphavet til norsk, færøysk og islandsk) kan førast tilbake til synkopetida, blant anna gjennomføringa av *a*-omlyden (norsk *holt* mot svensk *hult* av urn. \**holta*), men det er viktig å hugse at slike språkgrenser aldri har følgd dei noverande landegrensene tett (jf. t.d. Bandle 1973).

Utvandrarar frå Noreg busette seg på Færøyane rundt 800 og Island i tida 870–930 (landnåmstida). Det var også norrøne busetjingar på Shetland og Orknøyane, i Skottland, Irskesjøen (Isle of Man), Irland og Grønland, men der forsvann norrønt att seinare. Færøyane og Island talar til denne dag nordiske språk, og forskjellane mellom norsk og færøysk/islandsk viser såleis språkendingar i løpet av ein relativt kort periode på 1100–1200 år.

I tillegg var det danske busetjingar i dagens England som førte til varig påverknad på engelsk, og særleg svenske busetjingar i Aust-Europa som ikkje fekk varige språklege verknader. Men i det vestnordiske området var banda tette gjennom mellomalderen. Den norske kongen rådde over eit øyrike med vid utbreiing der det vart tala eit norrønt mål som var forståeleg. Havet var viktigaste og enklaste ferdselsåra i det førmoderne samfunnet.<sup>1</sup> Dette endra seg ikkje før bilen kom i bruk.

Tette historiske, politiske og kulturelle band batt dette området saman i høgmellomalderen (ca. 1050–1350). Folk flytta fram og tilbake innanfor dette området, og språket var nokolunde eins. Det ser me også av at handskrifter vart tekne med mellom områda. Sjølv om ein av og til skil mellom gamalnorsk og gamalislensk, gjev det dermed god meining å omtala dette som eitt språkområde med eitt språk: norrønt.

## 1.2 Nemninga *norrønt*

Språket i dei gamle handskriftene har hatt ulike namn i nyare tid, delvis av politiske årsaker. Da nordmenn tok opp granskinga av mellomaldertekstane på 1800-

---

<sup>1</sup>Det ser me også i norske dialektar. Fjordane er ikkje dialektgrenser, tvert imot har bygder på kvar si side av ein fjord oftast same talemål.

talet, kalla dei naturleg nok språket «gamal norsk», medan islendingane kalla det (gamal) islandsk og gjerne oppfatta det som meir likt moderne islandsk enn det eigentleg var. I Danmark vart det gamle målet gjerne kalla «oldnordisk», så vart dei ein felles nordisk arv som danskane òg hadde ein del i.

I dei gamle tekstane vart språket kalla *dønsk tunga*, til dømes av Snorri Sturluson i føreordet til *Heimskringla*. Etter kvart tok nemninga *norróna* over, og ho kom til heiders att i andre halvta av 1800-talet som eit fellesnamn på det norsk-islandske språket i høgmellomalderen. Blant dei første til å bruke dette namnet var P. A. Munch og C. R. Unger i *Norrónasprogets Grammatik* (1847).

I det følgjande blir *norrønt* bruka som nemning for dette felles språket, om ikkje språklege skilje mellom (gamal)norsk og islandsk er tema. Men skrivemåten i mellomalderen var ikkje regulert av noko språkråd, og det var ein god del variasjon, både mellom ulike kjelder og i éin og same tekst. Dels er det reine val om kva teikn som gjev att ulike lydar, dels viser variasjone til dialektale forskjellar og diakrone endringar i språket. Dette gjer lesinga av tekstane vanskelegare, og derfor har det etter kvart vorte etablert ein sams standard som blir bruka i grammatikkar, lærebøker, ordbøker og mange tekstutgåver.

### 1.3 Normalisert norrønt

Denne fellesnorma kallar me *normalisert norrønt*, der mykje av den variasjonen som møter oss i dei konkrete handskriftene, er *normalisert* bort og erstatta av ei einenskapleg rettskriving. Denne rettskrivinga utvikla seg gradvis i løpet av 1800-talet gjennom utgjeving av tekstar og gradvis større kunnskap om språksystemet i mellomalderen i motsetjing til moderne islandsk (Berg 2014).

Det er altså normalisert norrønt ein møter i innføringsbøkene og dei fleste tekstutgåver. Dette er nyttig for den som skal lære, og det gjer at islendingane (fordi moderne islandsk har ei konservativ rettskriving) framleis kan lesa dei gamle tekstane, sjølv om mange lydendringar har gjort uttalen av moderne islandsk ganske ulike mellomaldermålet.

Samstundes skjular denne norma mykje interessant språkleg variasjon i kjeldene, nettopp den variasjonen som språkforskaren er interessert i. Likevel er det ein god regel å lære å krype før ein kan gå, og derfor startar dei fleste med tekstar i normalisert norrønt, som trass alt ikkje er altfor vanskeleg, i staden for (foto av) dei fysiske handskriftene. Imellom desse ytterpunkta finst det mange mellomsteg, som me skal sjå litt på i kap. 6–7. Det er også slik at medan språkforskaren er interessert i denne variasjonen, kan ein historikar eller litteraturforskar som er mest interessert i innhaldet, greie seg godt med lettlesne, normaliserte utgåver.



# Kapittel 2

## Norrøn filologi

Uttrykket *norrøn filologi* impliserer at det er snakk om ein spesiell type filologi, og ein kan jamføre med til dømes *klassisk filologi* om studiet av den greske og romerske antikken. Men sidan ordet *filologi* ikkje er så mykje bruka lenger, skal me byrje med å teikne opp litt av faghistoria.

### 2.1 Filologi som fagtradisjon

Idéhistorikaren James Turner (2014) ser utviklinga av moderne «humanities» (der han reknar med samfunnsfag) som ei historie om fagleg spesialisering med utgangspunkt i **filologi**. Filologi har ein lang tradisjon som ein brei kulturvitskap som studerer eldre tekstar.

#### 2.1.1 Filologihistorie i lange hopp

Filologi, både ordet og praksisen, kan førast attende til Hellas i antikken. Eit utgangspunkt var arbeidet med å pusle saman dei eposa me i dag tilskriv diktaren Homer, frå ein variert skriftleg tradisjon på fleire hundre år etter ulike nedskrivningar frå munnleg tradisjon. I dette arbeidet var biblioteket i Aleksandria sentralt, den største samlinga av handskrifter i antikken; der vart «standardutgåver» (med ei moderne nemning) av dei homeriske eposa til, og filologien som tekststudium i same slengen. Seinare gav arbeidet med *Det nye testamentet* liknande utfordringar, der ulike tekstar og versjonar av desse tekstane skulle samlast til éin kanonisert versjon av Skrifta. Frå starten dreidde filologi seg om å etablere ein opphavleg tekst basert på ulike fysiske overleveringar (handskrifter som alltid er litt ulike), og kommentarar til innhaldet, språkleg eller realt (historiske omstende som må forklarast for at ein moderne lesar skal forstå teksten).

I renessansen (ca. 1300–1600) vart filologiske metodar bruka på overleverte verk frå antikken. Greske og latinske tekstar fanst ofte i fleire handskrifter, og gjennom tekstkritisk jamføring freista filologane å koma så nær den opphavlege teksten som råd i trykte nyutgåver. Renaissancehumanistane interesserte seg først og fremst for den gresk-romerske antikken, men i seinrenessansen, særleg frå siste halvta av 1500-talet ser me ei auka interesse for mellomalderen. Med nokre spreidde forløparar viser dette seg i Nord-Europa særleg frå siste halvta av 1500-talet (Burke 1998: 97, 127; Turner 2014: 53–55).

I Noreg ser ein dette i auka interesse for dei norrøne kongesogene. Heilt ukjende hadde dei ikkje vore (jf. Berg 2016: 3–4), men frå sist på 1500-talet vart dei viktige kjelder til norsk historie, i første omgang blant dei såkalla bergenshumanistane. Den vidare historia om norrøn filologi i Noreg er godt fortalt av Ludvig Holm-Olsen (1981), og me kjem tilbake til ho nedanfor (bolk 2.3). Alt filologisk arbeid med gamle tekstar, anten dei er på gresk, latin eller norrønt, går hand i hand med utforskinga av språket i dei same tekstane.

### 2.1.2 Filologisk praksis

Kva er så filologi, ut over at det er eit studium av tekstar? Den danske (klassiske) filologen J. N. Madvig definerte filologi slik: «gjenopplivelse, grunnet på selvsyn, av svunnen tid, gjennom tolking av dens skrevne minnesmerker» (omsetjing av Holm-Olsen 1981: 10). Rindal (1990) siterer denne og liknande formuleringar, som alle legg til grunn at filologien er ein brei, nærast altomfemnande, kulturvitskap. Målet er å forstå ein tidlegare kultur, og nettopp *forståing* er gjerne sett som eit hovudkjenneteikn ved humanvitskap i motsetjing til *forklaring* av naturlege fenomen i naturvitskapane (jf. Hårstad mfl. 2017: kap. 3). Filologien kan da seiast å vera det mest humanvitskaplege me har.

I sentrum for denne kulturvitskapen står tekstane. Desse skal studerast ved sjølvsyn, altså må filologen arbeide med originaltekstar, eller så tett opp til originalane ein kjem. (Det er ikkje alle som kan – eller får lov til å – sitje med fysiske handskrifter.) Det krev språkkunnskapar, i tillegg til kunnskapar om skrift (paleografi) og den fysiske oppbygginga av handskriftene (kodikologi). Men den som verkeleg skal kunne forstå tekstar frå ei anna tid, treng også realkunnskapar, altså kunnskap om ulike sider ved samfunnet som er omtala, til dømes litteratur, samfunnsorganisasjon, rettssystem, teknologi, mål og vekt, religion og så bortetter. Hovudargumentet til Turner (2014) er at medan alle desse disiplinane i utgangspunktet var delar av ein altomfemnande kulturvitskap – filologien – har dei etter kvart vorte til eigne vitskapar med eigne mål, teoriar og metodar.

Likevel er språkkunnskap sjølve grunnlaget for forståing av eldre tekstar, og språkvitskap og filologi har levd i tett hopehav. Dette gjeld da naturleg nok

den historiske språkvitskapen, som lenge *var* språkvitskap. Språkhistorikaren må byggje på tekstar og vita noko om kva slags tradisjonar dei vart til i (jf. Kjar-tan G. Ottósson 1988), medan den som vil arbeide med innhaldet i tekstane (his-torikarar av alle slag, inkludert litteraturhistorikarar), treng omfattande språk-kunnskapar for å forstå dei. Dermed har historisk språkvitskap alltid vore tett knytt til filologien. Men etter kvart som språkvitskapen kom til å understreke at det munnlege språket er det primære, skilde filologi og språkvitskap i større grad lag. Sjølv om den historiske språkvitskapen er nøydd til å bruke skriftlege kjel-der, har også språkhistorikarar vorte meir medvitne om at desse kjeldene ikkje direkte gjev att talespråket, og at det er dét me helst vil seie noko om. Dermed er det gjerne arbeidet med sjølve tekstane ein i dag forstår med ‘filologi’.

## 2.2 Tekstar, tekstkritikk og tekstutgjeving


Grunnlaget for filologien er tekstane, som kan koma i mange former. Dei kan vera innskrifter på hardt materiale, både med runer og det latinske alfabetet (me held oss her til det som er aktuelt i Noreg), og dei kan vera tekstar på pergament, papir eller andre moglege underlag. I kap. 4 skal me sjå litt på kva som finst av tekstar frå norsk mellomalder; eg viser elles til Jørgensen (2013) om den fysiske oppbygginga av handskrifter.

No har gode foto av mange originale tekstar vorte digitalt tilgjengelege, slik at ein faktisk kan gå direkte *ad fontes* ‘til kjeldene’ (eit uttrykk frå renessansen). Likevel vil ein i praksis halde seg til ei utgåve, og å laga tekstutgåver har vore ei hovudoppgåve for filologien. Me ser nærare på ulike typar utgåver i kap. 6, men skal seie noko om den filologiske praksisen bak dei her.

Som nemnt har ei viktig oppgåve i filologien vore å freiste å etablere ein mest mogleg **opphavleg tekst** basert på mange ulike **tekstvitne**, altså fysiske hand-skrifter. Utgangspunktet her er at så godt som alle handskrifter me har bevart frå mellomalderen, er avskrifter av eldre handskrifter. Derfor må ein ha metodar for å finne ut kva som er mest opphavleg av ulike variantar og handskrifter. Dette er emnet for **tekstkritikken**. Her skal me nemne eit par hovudpunkt; sjå Haugen (2013a) for ei grundigare innføring.

### 2.2.1 Stemma

Tilhøvet mellom ulike handskrifter av ein tekst kan setjast opp i eit *stemma*, eit slags slektstre for ein tekst, der forskaren freistar å finne ut kva handskrift som er avskrift av kva. Dette er aktuelt der originalen er ukjend, og ofte vil ein også rekne med ukjende handskrifter i slektstreet.



Figur 2.1: Hypotetisk stemma for ein tekst i tre handskrifter (Haugen 2013c: 119).


Figur 2.1 viser eit tenkt døme der ein tekst finst i tre handskrifter: A, B og C. Anten kan alle tre vera sjølvstendige avskrifter av same original, eller to av dei kan vera avskrifter av eit rekonstruert mellomledd, X, som me ikkje lenger kjenner til. A og X blir da «systerhandskrifter» i slektstreet. Grunnlaget for å meine dette, må vera at B og C har noko sams som skil seg frå A.

I somme tilfelle kan stemmaet vera så enkelt som i figur 2.1, men dei fleste tekstar finst i fleire handskrifter, og tilhøvet mellom dei blir meir komplisert. Ein må ofte rekne med mange mellomledd som ikkje lenger er bevarte, og ofte har ein avskrivar hatt to (eller fleire) handskrifter framfor seg og henta variantar frå båe to. Da snakkar ein gjerne om *kontaminasjon* mellom to handskrifter. For handskrifter som finst i veldig mange versjonar, som *Magnus Lagabøtes landslov* eller *Njálssoga*, kan det vera bortimot umogleg å seie heilt sikkert kva tilhøvet mellom alle handskriftene er, og det har vist seg umogleg å setje opp eit tradisjonelt stemma for landslovhandskriftene. I figur 2.2 gjev me stemmaet hans Ludvig Holm-Olsen over handskriftene av *Konungs skuggsjá* som døme på ein innfløkt situasjon der det faktisk er mogleg å setje opp eit stemma.

### 2.2.2 «Feil» i tekstkritikken

Eit av dei vanlegaste kriteria for å gruppere handskrifter til same gruppe (som B og C i figur 2.1), er felles feil. Viss to handskrifter har same feil, er det truleg at dei har denne feilen frå eit felles førelegg. I så fall er feilen berre gjort éin gong i X, og så har skrivarane av B og C kopiert denne feilen derifrå. Alternativet er at to skrivarar har gjort same feil uavhengig av kvarandre, og da må ein vurdere kor sannsynleg denne feilen er.

«Feil» i tekstkritikken treng ikkje vera det same som i daglegtalet, for det



Figur 2.2: Ludvig Holm-Olsens stemma for *Konungs skuggsjá* (frå Haugen 2013c: 112). Små og greske bokstavar markerer eksisterande handskrifter; dei fleste store bokstavane er hypotetiske mellomledd.

kan gjerne vera medvitne val avskrivaren har gjort. Men mange er typiske uhell som kan skje når ein skriv av ein tekst. Døme kan vera at avskrivaren hoppar over ord eller heile liner i førelegget sitt, skriv same ord fleire gonger eller byter om ord eller større einingar. Haugen (2013c: 1105–110) gjev nokre fleire døme på ulike feiltypar.

Eit generelt prinsipp er det som er kalla *lectio difficilior potior* ‘vanskelegare lese måte er betre’. Ein avskrivar ville ofte prøve å forbetre teksten, til dømes ved å rette ting som verka uforståeleg til noko som gav betre mening.<sup>1</sup> Difor kan ein ofte rekne med at mindre vanlege ord eller konstruksjonar er meir opphavlege enn meir velkjende. Ikkje minst dikt, med eit særmerkt ordforråd (jf. § 4.4.3) har vorte utsett for mange omformingar i teksttradinga.

## 2.3 Norrøn filologi i Noreg

Det har alltid vore ei viss interesse for den norrøne litteraturen i Noreg, også etter mellomalderen. Nasjonalromantikken, den dominerande tankeretninga i første halvta av 1800-talet, la vekt på historia som eit av særkjenna til nasjonen, i tillegg til språk, folkedikting, tradisjonar og lover. I Noreg førte det til auka interesse for den nasjonale historia, og dermed den norrøne litteraturen som kjelde

<sup>1</sup>Jf. *folkeetymologi*, der ukjende ord blir omforma så dei liknar på vanlege, t.d. *sukkelade* ‘sjokolade’ etter påverknad frå *sukker*.

til denne historia. Ikkje minst derfor vart norrøn filologi, den greina av filologien som studerer dei norsk-islandske mellomalderhandskriftene, etter kvart ein viktig disiplin i Noreg. Dette er godt og lettfattedeleg framstilt av Ludvig Holm-Olsen (1981). Utover 1800-talet vart norrønt også ein del av filologien på universitetet.

Historikarane måtte kunne norrønt for å lesa kjeldeskriftene til norsk mellomalder. Historikaren Rudolf Keyser (1803–64) reiste til Island for å lære seg språket skikkeleg og underviste frå 1828 i norrønt ved universitetet i Oslo. Keyser innleidde noko av ein gullalder for norrøn filologi i Noreg. Dette er særleg knytt til den omfattande utgjevingsverksemda som Keyser stod for saman med dei yngre kollegaene P. A. Munch (1810–63) og særleg C. R. Unger (1817–97); Unger gav også ut mange verk åleine. Til saman gav desse tre ut mange av dei klassiske norrøne verka som hadde med Noreg å gjera, særleg lover, kongesoger og handskrifter som sikkert hadde vorte til i Noreg.

Utgjeving av tekstar etter handskriftene er ei av dei viktigaste oppgåvene for filologien. Slike utgåver har gjerne innleiingar med merknader om språket i det eller dei aktuelle handskriftet/-ene, men for dei norske utgjevarane var hovudsaka innhaldet, ikkje den språklege forma.

## 2.4 Norrønt og språkvitskapen

Frå byrjinga av 1800-talet voks den historisk-komparative språkvitskapen fram. Me kan godt seie at det var da språkvitskap etablerte seg som ein vitskap i eigen rett. Og denne vitskapen var historisk orientert, om studiet av ulike klassiske språk, jamføring mellom dei og etablering av språkleg slektskap, etter kvart med ambisjonar om å rekonstruere sjølve det indoeuropeiske urspråket.

Norrønt vart eit viktig språk i denne fagtradisjonen, som det best kjende germanske mellomalderspråket. Dansken Rasmus Rask, som gjerne blir rekna som ein av grunnleggjarane av historisk-komparativ språkvitskap, gav såleis ut ein grammatikk over «Islandsk eller Det gamle nordiske Sprog» i 1811 – han skilde ikkje klårt mellom norrønt og moderne islandsk. Alle seinare arbeid om norrøn grammatikk bygde i nokon mon på Rask.

I andre halvdel av 1800-talet førte særleg danske forskarar som stod støtt i den historisk-komparative språkvitskapen, utforskinga av norrønt vidare. Framsteiga i språkvitskapen fekk direkte følgjer for forståinga av utviklinga av norrønt (jf. Berg 2014: 32). Men metodane i språkvitskapen den gongen var best eigna til å forstå utviklinga av lydar og bøyingsformer, og derfor vart dette hovudsak også i arbeidet med norrønt. Den største norrøne grammatikken (Noreen 1923) er frå denne tradisjonen, og har ikkje eitt ord om syntaks, morfosyntaks eller avleiingsmorfologi. Framleis er det nok slik at norrøn syntaks har vorte mindre granska enn fonologien og morfologien.

# Kapittel 3

## Skrifthistorie

Norrønt vart skriva med to heilt ulike skriftsystem: runene og det latinske alfabetet. Runene hadde ei lang historie i Norden, medan det latinske alfabetet vart innført på 1000-talet.

### 3.1 Runer og runeskrift

Runeinnskrifter med den eldre runerekkja (fuþark) vart laga i Norden frå det første hundreåret av tidsrekninga vår. (Spurkland 2001 gjev ei fin innføring i norske runeinnskrifter; Seim 2013 er ein kortare versjon.) Rundt eller litt etter 700 vart dette skriftsystemet med 24 teikn erstatta av den såkalla yngre fuþarken med 16 teikn (figur 3.1). Desse runene finn me i innskrifter frå vikingtida i Noreg og dei norske busetjingane i Nord-Atlantaren, i tillegg til spreidde innskrifter andre stader der nordmenn ramla innom, til dømes Hellas og Tyrkia.

---

ƿ	ᚠ	ᚢ	ᚦ	ᚱ	ᚷ	ᚹ	ᚺ	ᚻ	ᚼ	ᚾ	ᚿ	ᚫ	ᚭ	ᚰ	
f	u	þ	á	r	k	h	n	i	a	s	t	b	m	l	r

---

Figur 3.1: Den yngre fuþarken

Det var mange færre teikn enn fonem i språket, og derfor kunne same rune stå for fleire forskjellige lydar; det gjeld ikkje minst vokalteikna. Runerekka med 16 teikn vart delvis utvida frå 1000-talet av, slik at det vart betre samsvar mellom fonem og grafem. Nokre slike tilleggsteikn er viste i figur 3.2.

Desse tilleggsteikna vart ikkje bruka heilt konsekvent, men dei gjorde det mogleg å skriva norrønt på same vis med runer som med latinske bokstavar. Det gjer runeinnskriftene til betre språklege kjelder, og det gjer det lettare å lesa dei. Mot slutten av kurset skal me sjå på eit par runeinnskrifter, for dei er også ein viktig del av skriftkulturen i norrøn tid.

†	†	‡	†	ƿ	1	Ɔ/K	h
e	æ	ø	q	g	d	p	c/z

Figur 3.2: Tilleggsruner frå høgmellomalderen

## 3.2 Det latinske alfabetet

Det latinske alfabetet kom med kristendomen og religiøse tekstar på latin. Dette var altså ny teknologi som supplerte og nokre hundre år seinare erstatta den eldre runeskrifta. Dei første bøkene på latin må ha kome med dei første misjonsprestane. Me veit ikkje når einkvan prøvde å skrive morsmålet med det nye skriftsystemet, men kanskje vart nokre lovetekstar skrivne ned allereie på 1000-talet. Dei eldste bevarte tekstane er frå sist på 1100-talet (sjå § 4.2).

Det latinske alfabetet kom til Noreg frå England. Det ser me på forma til bokstavane, der nokre såkalla «insulære» teikn vart bruka, teikn som ikkje var vanlege elles i Europa. Eit talande dømet er bokstaven <þ> med namnet *þorn*.<sup>1</sup> Dette var namnet på runa þ i gamalengelsk, medan denne runa heitte *þurs* i Noreg. Namnet viser at det var det engelske skrifteiknet som vart teke i bruk i norsk skrift, ikkje den norske runa. Norrønt hadde fleire vokalar enn latin, og teikna for dei ekstra vokalane /ø æ ɔ/ varierer mykje i handskriftene.

Dei fleste norrøne tekstar er utgjevne, slik at langt dei fleste kan arbeide med trykte versjonar av tekstane. Da treng ein ikkje å bry seg om handskrifta, paleografien. Ho gjev ei ekstra utfordring om ein skal arbeide med originalar, særleg slitte handskrifter der mykje kan vera utydeleg og somt heilt uleseleg.

Nokre ekstra teikn i det latinske alfabetet inngår i standardortografien. Dei vanlege tilleggsteikna ð, þ og q er greie; i tillegg til majusklane (store bokstavar) P og Q kan ein også støte på Ð (stor ð). Nokre utgåver vil bruke fleire teikn, til dømes *ę* (*e caudata*, typisk for æ) og *f* (høg s, må ikkje forvekslast med *f*), som mange kjenner frå fraktur (gotisk skrift), som i vignetten til *Aftenposten*.

Det skiftar mykje kor godt ei utgåve prøver å gje att ulike variantar av bokstavane i handskriftet, men dette vil normalt vera forklart i innleiinga (sjå § 6). Nokre nyare digitale utgåver går svært langt i å bruke teikn som liknar mest mogleg på handskriftet (sjå eit lite døme i figur 6.2), medan dei fleste forenkler teikninventaret i ulik grad. Me går ikkje vidare inn på dette her, men er glade for at dyktige filologar har gjeve oss utgåver med trykt attgjeving av dei tekstane me arbeider med.

<sup>1</sup>Til liks med dei greske bokstavane hadde runene namn. Hovudprinsippet er at første lyd i namnet er lyden runa står for, t.d. *þē* for /f/.



# Kapittel 4

## Teksthistorie

Det er ikkje rom her for å gå inn på alle typar tekstar som finst frå norrøn tid. Me skal sjå kort på kva **typar** tekstar som finst frå ulike tider og ulike stader. For norske studentar kan det vera interessant å vita noko om skilnadene mellom Noreg og Island, medan den internasjonale interessa for norrøn litteratur i all hovudsak bryr seg om den islandske litteraturen – og det viser seg gjerne i nemninga «Old Norse-Icelandic».

### 4.1 Runeinnskriftene

Me har fleire hundre runeinnskrifter frå mellomalderen; totalt er det funne rundt 1600 innskrifter i Noreg, meir enn dobbelt så mange i Sverige, og mindre tal frå andre norrøne område (men mindre enn hundre frå Island). Dei yngste norske innskriftene kan daterast sikkert til 1400-talet.

Frå vikingtida har me i Noreg ein god del minneinnskrifter etter avdøydde personar, gjerne på store bautasteinar. Nokre av dei fortel nokre ord om den avlidne, andre er berre på forma «X reisti steinn þenna efter Y». Det finst også ein del innskrifter på mindre gjenstandar, som smykke eller fiskesøkke, gjerne berre kva gjenstand det er snakk om, eller namnet på den som laga eller åtte han.

I utgravingar i Bergen, og i mindre grad i andre nordiske mellomalderbyar, er det funne heilt andre typar runeinnskrifter. Det dreier seg om ei stor mengd såkalla eigarinnskrifter, merkelappar med eit namn og eventuelt verbet *á 'eig'*, sikkert knytte til handel; og ikkje minst mange meldingar og tekstar av kvardagsleg innhald, inkludert obskøne meldingar som liknar dagens doveggglitteratur. Veldig mange slike innskrifter var rista på tre, som er eit forgjengeleg materiale og vanlegvis har brunne opp eller rotne, men som i nokre tilfelle kan vera bevarte. Desse funna viste at runer var mykje vanlegare enn ein trudde tidlegare.

Nokre innskrifter inneheld same typar tekstar som handskriftene. På latin

finn me særleg (delar av) bønner som Ave Maria og Pater noster ‘vår far’, men også sitat av verdslege diktarar som Vergil; på norrønt korte utdrag av skaldedikt og brev som følgjer same mal som *diplom* (sjå § 4.5.2). Mange innskrifter viser såleis at det var folk som kjende både latin og norrønt, og dermed bae skriftsystema.

Det finst også innskrifter med latinske bokstavar, særleg i kyrkjer og på myntar. Det finst òg nokre døme på runer i handskriftene. Runeteikn kunne somtid brukast som forkortingar, t.d.  $\Upsilon$  med namnet *maðr* bruka som forkorting for nettopp *maðr*, og jamvel  $\Upsilon\Upsilon$  for fleirtal *menn*. Men runene vart ikkje bruka til å skrive lange tekstar på pergament.<sup>1</sup>

## 4.2 Dei eldste handskriftene

Dei eldste bevarte tekstane, både i Noreg og på Island, er frå siste del av 1100-talet. Dei eldste er naturleg nok berre fragment, der me har eit skinnblad eller to av det som ein gong var ei større bok. Dei eldste norske fragmenta er helgenlegender, klosterreglar og delar av jordebøker (lister over eigedom og landskyld, den avgifta drivaren av ein gard betalte til eigaren).

Dei eldste heile handskriftene, både på Island og i Noreg, er frå rundt 1200. Vår eldste bok er *Gamalnorsk homilieboek*, ei samling preiker (homiliar) som følgjer kyrkjeåret. Dei norske «litterære» (i vår moderne forstand) tekstane er i all hovudsak frå 1200-talet og litt inn på 1300-talet. Etter ca. 1325 finst det ikkje slik litteratur som sikkert kan heimfestast til Noreg.

Frå Island finst det store sagahandskrifter frå 1200-talet, og der fortsette den litterære produksjonen og avskrivarverksemda vidare framover, medan me knapt har episk litteratur frå Noreg etter 1300. Derimot har me ei rekkje *diplom*, korte tekstar med hovudsakleg rettsleg innhald (i veldig vid forstand), og nokre jordebøker. Dette er dei einaste kjeldene til norsk språk i seinmellomalderen.

## 4.3 Ulike sjangrar

Jon Gunnar Jørgensen (2013: 45) deler den norrøne litteraturen i tre:

- **Juridiske tekstar** (lover, diplom, jordebøker)
- **Lærdomslitteratur** (historie, naturkunnskap, liturgiske bøker på latin)
- **Episk og poetisk** litteratur (forteljande og lyrisk)

Dette kan vera nyttig for å minne oss på at den norrøne litteraturen er mykje meir enn det dei fleste lettast tenkjer på, nemleg sogelitteraturen og eddadikta.

---

<sup>1</sup>Det eine unntaket er *Codex runicus*, eit dansk lovhandskrift med runer frå ca. 1300.

Dei to siste er likevel noko av det mest særprega i den norrøne bokheimen, to teksttypar med munnlege røter som er overleverte til oss i ei skriftleg form.

Ein del informasjon om norrøn litteratur finn ein i alle innføringsbøker i norsk litteraturhistorie, og *Handbok i norrøn filologi* har kapittel om sogelitteratur og dikting (båe to av Else Mundal). Slike kapittel plar slå saman den norske og islandske litteraturen, men nedanfor skal me sjå særleg på kva som finst av norsk – for me må innrøme at det meste er islandsk.

## 4.4 Norrøn poesi

Den norrøne poesien kan grovt delast i to: eddadikt og skaldedikt. Desse deler nokre trekk som gjeld poetisk språk, men skil seg ved ulike metrum (versemål), emne og ikkje minst at eddadiktinga er anonym, medan dei fleste skaldedikta er tilskrivne ein namngjeven skald.

Skaldediktinga vart overlevert munnleg og nedskriven som ein viktig del av konge- og ættesogene (jf. § 4.5.1). Det er strenge reglar for rim og rytme i denne diktinga, i tillegg til ein avansert biletleg språkbruk. Syntaksen er derimot friare enn i prosa, slik at ledd som høyrer saman, kan vera delte opp. Skaldedikt er ikkje for nybyrjarar, og det er talande at mange utgåver av soger tek med ei prosaomsetjing av skaldedikta, der ordstillinga er justert.

### 4.4.1 Eddadikt

Namnet *Edda* blir bruka om både handskriftet dei fleste er overlevert i, «Den eldre Edda», og den kjende læreboka i skaldskap og mytologi av Snorre Sturlason som er kalla «Den yngre Edda» eller «Snorre-Edda».

Dei fleste eddadikta finst berre i eitt handskrift, GKS 2365 4° («4°» skal lesast *quarto*, latin for 'firedel'; jf. Jørgensen 2013: 42 f.) eller *Codex Regius*<sup>2</sup> av den eldre *Edda*. Nokre få slike dikt står i andre handskrifter, og dessutan siterer Snorre ein god del strofer i si *Edda*. Handskriftet vart truleg skrive rundt 1270-åra, men dikta må vera mykje eldre og ha levd i munnleg overlevering. Me finn døme på det same versemålet i runeinnskrifter, til dømes den svenske *Rökstenen* frå ca. 800. *Hávamál* er sitert av skalden Eyvindr skáldaspillir ca. 960, så det har dels hatt same form minst så lenge.

Eddadikta er avgrensa av emnet og versemålet. Dikta handlar om norrøne gudar og heltar, og dei blir gjerne delte i gudedikt og heltedikt. Gudedikta er saman med Snorre-Edda ei viktig kjelde til nordisk, og dermed germansk, førkristen

---

<sup>2</sup>Codex Regius tyder 'kongsboka'. Handskriftet vart gjeve som gáve til Fredrik III av Danmark i 1662.

mytologi. Heltediktinga har parallellar andre stader, til dømes i gamalengelske dikt som *Beowulf*. Mange av heltedikta handlar om *Sigurðr Fáfnisbani* og krinsen kring han, og den same segnkrinsen i litt ulike utformingar har gjeve det tyske *Nibelungenlied* frå ca. 1200. Det viser at den munnlege tradisjonen har vore spreidd i heile den germanske verda.

Det er vanleg å rekne med at nokre av heltedikta har opphav i historiske hendingar og personar i folkevandringstida, sjølv om me ikkje kan vise til så direkte parallellar for dei einskilde dikta, berre noko av tradisjonsstoffet dei byggjer på. Fornaldersogene, soger som er plasserte i ei mytisk fortid, ulikt dei historiske kongs- og islendingesogene, kan ha delar av heltedikt og dessutan andre dikt i same versemål, men desse er i større grad yngre forfattarprodukt.

#### 4.4.2 Eddaversemåla – bittelitt norrøn metrikk

I moderne norsk (og europeisk) metrikk er **trykk** og **enderim** viktige. Slik var det ikkje i norrøn metrikk. Versemåla er i staden definerte av **stavingar** og **stavrim** (bokstavrim, alliterasjon). Særleg versemåla i skaldediktinga (t.d. *dróttkvætt*) har strenge krav til lengd og tal på stavingar i kvar verseline.

Stavrim vil seie at framlyden i trykkunge stavingar er bunden saman (i motsetjing til utlyden i moderne enderim). Da rimar like konsonantar og ulike vokalar, til dømes *fregna – fróði, ofreiði – afi, mæla – mög*. Dei feite typane markerer her stavrim. Konsonantsambanda *sk, sp, st* rimar berre på seg sjølve, og halv vokalen *j* rimar som vokal, altså med andre vokalar. Sidan stavrimet gjeld trykkunge stavingar, som typisk er innhaldsord som verb og substantiv, bidreg det til å utheve dei viktigaste orda.

Den norrøne diktinga er strofisk, i motsetjing til gamalengelsk og gamaltysk dikting. Dei har dei same rimkrava og verselinene, men sorterer ikkje verselinene i strofer. Det er to hovudtypar av verseliner, som me no kan definere ved hjelp av stavrimet:

- To **kortliner** som er bundne saman til éi **langline** av stavrim. Grafisk kan dette setjast opp på éi eller to liner, som vist nedanfor. Oppsettet med éi line er vanlegare i tyske og engelske utgåver.

– Í *Gymis gǫrðum*  
*ek sá ganga*  
 – Í *Gymis gǫrðum*      *ek sá ganga* (Skm 6)<sup>3</sup>

- Ei **fulline** med internt rim. Dette er ein skandinavisk spesialitet.

<sup>3</sup>Dei ulike dikta har faste forkortingar i faglitteraturen. Døma er henta frå *Skírnismál* (Skm) og *Völuspá* (Vsp).

- *okkarn mála mög* (Skm 1)
- *mér tíða mey* (Skm 6)

Kortlina har vanlegvis to trykkunge og to trykklette stavingar, men særleg talet på trykklette stavingar kan ymse noko. I langlina skal stavrimet knyte saman éi eller to trykkunge stavingar i første kortline og éi trykkung staving (vanlegvis den første) i den andre kortlina. Fullina har to (vanlegast) eller tre trykkunge stavingar, medan det er større fridom i kor mange trykklette stavingar ei slik verseline har.

Det er stort sett to versemål som finst i eddadiktinga, og dei er relativt enkle og fleksible. **Fornyrðislag** er sett saman av langliner, typisk fire langliner i ei strofe, som også ofte kan delast i to halvstrofer som utgjer syntaktiske eller innhaldsmessige einingar. Dette versemålet er vanleg i forteljande (episke) dikt. **Ljóðaháttur** har éi langline og éi fulline som utgjer ei halvstrofe, og naturleg nok to halvstrofer i éi strofe.

#### 4.4.3 Poetisk språk

I tillegg til metrikken er poesien kjenneteikna av språket. Ein del slike poetiske særtrekk er ikkje uvanlege i moderne tid heller. For det første kan syntaksen vera litt lausare, slik at ledd ikkje kjem i den nokså faste rekkjefølgja ein er van til i prosa. Dinest finst det eit særleg ordforråd i poesien, der ein bør kjenne til fenomenen *heiti* og *kenningar*.

**Heiti** er poetiske ord, enkelt sagt. Det er ord som anten berre blir bruka i diktning, eller som har ei særleg tyding i dikt som dei ikkje har elles, og dei er merkte med «Sk.» (skaldskap) i *Norrøn ordbok*. Eit døme kan vera *verr* ‘mann’ (andre ord med same tyding er *seggr* og *gumi*). Dette er eit gamalt indoeuropeisk ord av same opphav som latin *vir* ‘mann’, men blir nesten berre bruka i skaldskap. Særleg for gudane finst det mange heiti, til dømes er det notert over 170 ulike namn for Odin (inkludert «dekknamn» som *Hárbarðr* i eddadiktet *Hárbarðsljóð*). I allitererande versemål gjer heiti det lettare å finne eit ord med ønskt tyding som høver med rimet.

**Kenningar** er poetiske omskrivingar. Dei består typisk av eit substantiv i den kasus konteksten krev (kjerne), og eit substantiv i genitiv som står til kjernen. Døme kan vera *mögu Heimdalar* ‘søner av Heimdal’ = menneska (Vsp 1). Tolkinga byggjer på ein myte frå *Rígsþula* (eit anna eddadikt) om Heimdal som stamfar for menneska.

## 4.5 Norrøn prosa

For dei fleste er norrøn litteratur konge- og islendingesoger (eller ættesoger), men det fanst også mykje annan litteratur. I samtida skilde dei mellom dei historiske sogene om kongar og islendingar på éi side, og «fiksjonslitteratur» (*lygisögur*) – fornaldersoger som er sette i ei vagt definert fortid, og riddarsoger som fortel om spennande hendingar i framande land (ofte mytiske). Dei historiske sogene er kjenneteikna av mange og nøyaktige opplysingar om stader og personar, som (uansett kor korrekte opplysingane er) bidreg til det realistiske preget.

### 4.5.1 Prosimetrum

Ikkje sjeldan blir prosa og poesi (tekst på metrum) kombinert, såkalla *prosimetrum*. Både konge- og ættesoger har ofte med skaldedikt, medan fornaldersoger gjerne har dikt i eddaversemåla. Delvis er innhaldet i dikta samstundes attfortalt i prosa, men dei er uansett viktige i tekstane.

Snorre Sturlason (1179–1241) la stor vekt på dei gamle skaldedikta som historiske kjelder, fordi skalden ikkje kunne lyge direkte – det ville vera fornærmande. Og på grunn av dei strenge metriske krava måtte skaldedikta tole munnleg overlevering godt utan å bli endra. Ein reknar med at dei fleste skaldedikta faktisk er så gamle som dei blir sagde å vera, jamvel om nokre kan ha vorte nylaga av forfattarar på 1200- og 1300-talet. For da hadde det etablert seg som eit sjangerkrav at slike dikt skulle vera med.

For mange nordmenn er kongesoger det same som *Heimskringla*, det store verket av Snorre Sturlason om dei norske kongane. Men det fanst store kongesogeverk både før og etter Snorre. Eitt av dei har fått namnet *Morkinskinna*, eit namn gjeve til skinnboka fordi ho var i dårleg forfatning. Dette verket er kjenneteikna av mange innsmetta **tætter**, til dømes *Auðunar þáttr* (§ 5.1).

### 4.5.2 Lover og diplom

Me reknar med at lover var nokre av dei første tekstane til å bli nedskrivne, i Noreg som i andre land. Dei eldste bevarte tekstane er likevel frå 1200-talet. Magnus Hákonsson Lagabøte (1263–80) fekk utarbeidd Landslova, ei sams lov for heile landet, først vedteken på Frostatinget i 1274. Den følgjande tida vart det teke mange avskrifter av landslova, og dei aller fleste gamalnorske handskriftene er faktisk lovhandskrifter. Me kjenner 31 (tilnærma) heile handskrifter før 1350, i tillegg til fleire frå seinmellomalderen. I tillegg til landslova finst det færre handskrifter og fragment av dei eldre landskapslovene, kristenrettane (som regulerte tilhøvet mellom staten og kyrkja og mellom kyrkja og folket), den særlege bylova og ymse mindre og seinare *rettarbøter* (mindre tillegg til lovene).

I norsk tradisjon blir **diplom** bruka om all slags korte tekstar, frå privatbrev til rettsreglar frå kongen. Stormengda er likevel rettslege dokument i vid forstand, frå rettarbøter til domsavgjerdar til handelsavtalar; det kan henge saman med at det var slike tekstar det var verdt å ta vare på. Privatbrev hadde mindre varig verdi, og skinnnet kunne brukast om att; det er til dømes funne restar av privatbrev på skinnbitar som festar segl til andre diplom.

### 4.5.3 Lærdomslitteratur

Det finst ein god del prosatekstar som ikkje vil bli oppfatta som soger. Ein del tekstar må kallast vitskaplege, med geografisk, historisk, astronomisk og anna innhald (sjå Wellendorf 2013 for eit oversyn). Hit kan ein også rekne ein del religiøs litteratur, medan helgensogene står i ei mellomstilling mellom soger og lærdomslitteratur.

Eit framstående norsk døme er *Konungs skuggsjá* 'Kongsspegelen'. Det skriv seg inn i ein europeisk tradisjon for opplæringsbøker for fyrstar, der ein får naudsynt kunnskap om verda, men er samstundes veldig tilpassa norske tilhøve og eit originalt arbeid. Slike bøker er gjerne organiserte med spørsmål og svar, og i Kongsspegelen er det ein son som spør far sin om ulike ting, og får til dels lange utgreiingar som svar. Dette dekkjer gode råd om sedeleg åtferd, astronomisk kunnskap og dyrelivet på Grønland, for å nemne noko.

### 4.5.4 Omsett litteratur

I tillegg til den heimlege diktinga og sogelitteraturen finn me teksttypar som er meir eller mindre frie omsetjingar, ein kan like gjerne kalle dei *attdiktingar*. Somme avskrifter er trugne mot førelegget sitt, men mange er omskrivingar som skøyter saman innhald frå ulike førelegg, kanskje også frå munnleg tradisjon, og elles prøver å gjera teksten betre på andre vis. Nettopp derfor er tilhøvet mellom ulike handskrifter av same tekst ofte så innfløkt (jf. § 2.2).

Mange religiøse og vitskaplege tekstar vart omsette frå latin (jf. førre avsnitt), men også verdslege tekstar av ymse slag vart omsette frå fransk og tysk til norrønt, særleg under kong Håkon IV Håkonsson (konge 1217–63). Somtid blir slike tekstar kalla «høvisk litteratur» fordi dei var knytte til hoffet, og innhaldet er gjerne også knytt til adel og kongelege.

Mange riddarsoger er omsette (eller laust baserte på, som ofte er meir dekkjande for omsetjingar i mellomalderen) frå franske heltedikt, kalla *chansons de geste*, eller versromanar, blant anna av Chrétien de Troyes (sjå Mundal 2013b: 432 f.). Seinare vart det også nyskrive riddarsoger i same sjanger på Island. Norske omsetjingar er blant anna *Tristrams saga ok Isõndar*, som har vore kalla Noregs

første roman, og ei samling omsette viser kalla *Strengleikar* (sjå 5.2). Dei franske originalane vart framførte til musikk – strengleik. Me veit ikkje om det også var gjort på norrønt, men kanskje ikkje, sidan omsetjingane er til rein prosa, ikkje bunden form som i originalen.



# Kapittel 5

## Kort om tekstane i **NORD2200**

Dette kapitlet gjev ei veldig kort innføring i den litteraturhistoriske konteksten for dei tekstane – og teksttypane dei representerer – me skal arbeide med på **NORD2200**.

### 5.1 *Auðunar þáttur*

*Auðunar þáttur* er eit døme på ein *tátt*, ei kort historie som er smetta inn i større kongesoger. Tættene kan grense til eventyr eller segner og handlar oftast om ein islending som kjem til Noreg og møter kongen, altså eit reisemotiv (jf. Mundal 2013b: 456). Mange av tættene har handlinga lagd til styringstida hans *Haraldr harðráði* (1046–66). Táttan om Audun er ein av dei lengste – og beste: «denne þáttur er en af de nydeligste, der haves», meinte filologen Finnur Jónsson.

Kongesogene hadde førebilete i historiske krøniker på latin i andre europeiske land, og tættene låner nok også litt frå den tradisjonen som er kalla *exempla* på latin, korte historier med ein god moral. Dette var ein kjend sjanger både i antikken og mellomalderen, og tættene kan sjåast på som ei lokal tilpassing. Gjennom møtet med ein islending viser táttan korleis ein konge skal te seg, slik me ser veldig tydeleg i táttan om Audun. Både dansk kongen Svein Estridsson og Harald Hardråde kjem godt ut av historia og viser seg som rettvise og gavmilde kongar. Audun gjer på si side det rette (og kristelege) og får lukke av det; han blir ein *giptumaðr* ‘lykkemann’.

### 5.2 *Laustiks ljóð*

Dette er ein av tekstane i *Strengleikar*, ei samling *lais* ‘songar’ tillagde *Marie de France*, som dermed blir ein av få namngjevne kvinnelege diktarar i mellomal-

deren. Me veit ikkje stort meir om ho enn namnet, men truleg var ho verksam ved hoffet i England (som var franskspråkleg etter at Vilhjalm bastarden vann England i 1066) sist på 1100-talet og dikta på normannisk, ein dialekt av fransk. Det heiter i føreordet at *bók þessi er hinn virðuligi Hákon konungr lét norróna ór völsku máli, má heita ljóðabók* ‘denne boka som den vørdelege kong Håkon lét omsetje til norrønt frå fransk mål, kan kallast visebok’ (Cook & Tveitane 1979: 4).<sup>1</sup> Fire av tekstane i *Strengleikar* er ikkje bevarte på fransk, slik at dei norrøne omsetjingane er einaste kjelda til dei (Cook & Tveitane 1979: XVII).

*Laustiks ljóð* er ein av dei stuttaste tekstane, og ofte rekna som ein av dei beste. Omsetjinga er forkorta ein del, men omsetjaren har òg lagt til noko, til dømes tautologiske uttrykk med to sidestilte ord (som *rikr ok frægr bór* ‘mektig og vidkjend by’), og ei søt skildring av nattergalen i første avsnitt.

### 5.3 Eddadikt

Eddadikt er ei gruppe dikt med hovusakleg mytologisk innhald (sjå § 4.4). Me les utdrag frå to av dei: *Völuspá* ‘volvas spådom’ og *Skírnismál* eller *Før Skírnis* ‘Skirnes ferd’.

*Skírnismál* er dialogisk og nesten som eit drama; versemålet er ljóðaháttur med nokre innslag av *galdralag* (ei gjentakning med litt variasjon av fullina, typisk i *galdr* ‘trollskap’). Det fortel om Frøy som forelskar seg i jotunkvinna Gerd, og sender tenaren Skirne for å hente ho til han. Skirne både lokkar og trugar med trolldom til Gerd blir overtala, og diktet sluttar med at ho og Frøy skal møtast i ein heilag lund.

*Völuspá* er ein norrøn kosmologi – ei historie om skapinga av verda, undergangen (*ragnarøk*) og ei ny verd. Dette er sentralt i norrøn mytologi, så Snorre-Edda inneheld mange sitat frå *Völuspá*. Det har vore mykje diskutert korleis parallellane til den kristne skapingshistoria skal tolkast, utan at full semje er nådd. Forteljinga er lagd i munnen på ei volve (spåkvinne) og versemålet er fornyrðislag. Diktet finst i Codex Regius og (litt annleis) i Hauksbok, eit privatbibliotek med ulike tekstar som islendingen Haukr Erlendsson fekk laga tidleg på 1300-talet.

<sup>1</sup>*Völsku* er ei bøyingsform av *valska* ‘(nord)fransk’, til *Valland* ‘(Nord-)Frankrike’. Rota i dette ordet finn me att i *Vallonia*, som er den fransktalande delen av Belgia.

# Kapittel 6

## Tekstutgåver

Utgåver av norrøne tekstar (og for den del alle andre tekstar) kjem i ulike former, og det er nyttig å vita litt om korleis dei har vorte til. Det er nemleg avgjerande for kva du finn i utgåva, og kva kjeldeverd teksten har i ulike samanhengar og for ulike brukarar.

### 6.1 Ulike typar utgåver

Mange tekstutgåver har innleiingar med kommentarar om kjeldene (ofte med eit stemma over handskriftene, jf. § 2.2), skrift (paleografi), språk og innhald. Somtid er slike innleiingar heilt korte, til dømes i serien *Nordisk filologi* til skule- og studiebruk, medan dei i andre tilfelle kan ese ut til heile avhandlingar om den aktuelle teksten. Serien *Íslensk fornrit* har til dømes grundige innleiingar (på moderne islandsk) som kan vera på over hundre sider, medan Hreinn Benediktsson (1972) har ei innleiing på 200 sider, medan teksten (jf. 7.4) inkludert omsetjing er på 42 sider.

Den vanlege utgåvetypen i norrøn filologi er *beste handskrift*-typen (Haugen 2013c: 91). Det vil seie at ein etter ei tekstkritisk vurdering tek utgangspunkt i det beste handskriftet. Har dette manglar (lakunar), fyller ein ut etter andre handskrifter – med ei tydeleg markering. Det norske hovudhandskriftet av *Konungs skuggsjá* manglar til dømes nokre delar som i utgåvene blir fylte ut med tekst frå yngre islandske handskrifter.

Eit alternativ som har større tradisjon i klassisk filologi (greske og latinske tekstar) er å velje dei beste *lesemåtane* frå fleire handskrifter og kombinere desse. Da utnyttar ein alle metodane i tekstkritikken for å koma nærast mogleg den opphavlege teksten. Det vart laga nokre slike utgåver i norrøn filologi på 1800-talet (Berg 2014: 40), men dei har ikkje dominert i nyare utgjevingstradisjon.

## 6.2 Kritisk apparat

Dei fleste utgåver, bortsett frå reine leseutgåver for skulebruk eller eit ålment publikum (det siste er mest aktuelt på Island), vil innehalde eit såkalla kritisk apparat og blir kalla «kritiske utgåver» (meir utfyllande både om prinsipp og praksis hjå Haugen 2013c: 93–104). Dette er typisk fotnotar (sjeldnare sluttnotar) med merknader til teksten, som utydeleg tekst der det er eit element av gjetting i utgåva, retting av feil i handskriftet, lesemåtar i andre handskrifter eller liknande. Som eit minimum bør utgjevaren oppgje kva som faktisk står i handskriftet alle stader der hen har korrigert teksten.

I somme utgåver kan det kritiske apparatet vera så stort at sjølve teksten berre blir nokre liner på toppen av sida, i andre er berre reine rettingar i teksten oppgjevne. Dei fleste kritiske utgåver legg seg ein stad mellom dette. Me skal sjå på nokre vanlege teikn og markeringar i kritiske utgåver.

**Forkortingar** er gjerne oppløyste, altså at ord som i handskriftet er forkorta, er skrivne fullt ut. I diplomatariske utgåver er slike oppløyste forkortingar typisk sette i kursiv.

**Tillegg** i handskriftet, noko skrivaren har sett til over lina eller i margen (kanskje fordi han rett og slett gløymde eit par ord), er gjerne markerte med `´ i ei utgåve.

**Rettingar** gjorde av utgjevaren der forma i handskriftet opplagt er feil, kan markerast med parentes. Det kan gjelde enkelte bokstavar (t.d. ei bøyingsending) eller heile ord, som lett kan gløymast i ein avskrivingsprosess.

**Lineskift** er av og til markert når det har noko å seie for å teksten, og da med ‘|’. Somme handskrifter har tekst i to (sjeldan fleire) spalter, og da kan ‘|’ markere spalteskift og ‘||’ sideskift. Det kan vera markert når skrivaren har skrivne same ord to gonger (såkalla «dittografi») til slutt i éi line og først i neste, eller når eitt ord er delt over to liner.

Utvalet av teikn skiftar litt mellom ulike utgåver, men det vil alltid vera eit oversyn over teikna. Eit døme frå ei utgåve til undervisningsbruk (i serien Nordisk filologi) er gjeve i figur 6.1.

## 6.3 Digitale utgåver

I nyare tid er mange utgåver digitale, slik at filologien også har vorte moderne og faktisk står i fremste rekkje av såkalla digital humaniora. Det gjer det mogleg

### Tegnforklaringer

- \* retta av utgiver; håndskriftets form i variantapparatet.
- () utelatt eller glemt av skriver; tilføyd av utgiver.
- <> tilskrevet i margen av håndskriftet.
- [ ] lakune i håndskriftet utfylt av utgiver; variantapparatet opplyser hvor det som står inne i parenteser er tatt fra.
- ˘˘ skrevet til over linja i håndskriftet.
- { } utelatt av utgiver: . . . tre eller flere ord, . . . to ord, . ett ord.
- | linjeskifte. Tegnet brukes bare der linjeskifte kan ha hatt noe å si for teksta.

Figur 6.1: Teiknforklaringar i Tor Ulsets *Utvalgte þættir fra Morkinskinna* i serien Nordisk filologi, Oslo 1978.

å søkje i tekstane og samle kvantitative data, som særleg språkforskarar ønskjer. Mange slike utgåver av nordiske tekstar er samla på nettsida til Menota (Medieval Nordic Text Archive), [www.menota.org](http://www.menota.org). Alle Menota-utgåvene følgjer eitt handskrift.

I mange av dei digitale utgåvene i Menota kan ein finne tre transkripsjonsnivå: faksimilært (så nær teksten som råd er), diplomatarisk (bokstavrett, men ikkje t.d. høg s, og oppløyste forkortingar) og normalisert rettskriving (Haraldur Bernharðsson & Odd Einar Haugen 2019). Figur 6.2 viser korleis dette kan sjå ut. Nokre utgåver har også foto av handskriftet som ein kan vise parallelt med alle tekstversjonane, berre begrensa av kor stor skjerm du har.

[ Facs ]	[ Dipl ]	[ Norm ]
[ms. fol. 1r]	[ms. fol. 1r]	[ms. fol. 1r]
1 e rens þvzlo e godom drycc. get þer uel az bosð þinu ef þu átt þeff cofte. En eptir mat þa góðu anattveggia at tu	1 ór reini fátzlo ór godom drycc. get þer uel at borði þínu ef þú átt þess coste. En eptir mat þa góðu anattveggia at tu	1 ... ok hreinni fátzlu ok góðum drykk. Get þér vel at borði þínu, ef þú átt þess kosti. En eptir mat þá góðu anattveggia, at þú
2 fegna lita rið eða elligar gacc noccura rið e fcear þer e fezz um þvar er aðrir goðir kaupmenj hauast at. eða noccurr	2 sofna lita rið eða elligar gacc noccura rið ór scent þer ór sezt um hvat er aðrir goðir kaupment hauast at. eða noccurr	2 sofna lita hríð eða elligar gakk nökkura hríð ok skemt þér ok sésk um, hvat er aðrir goðir kaupmenn hafask at, eða nökkurr

Figur 6.2: Utsnitt av fragmentet NRA 58 A av *Konungs skuggsjá* i Menota, transkribert av Nina Stensaker på tre nivå.

Utgåver med fleire nivå er tilpassa ulike brukargrupper; dei kan kombinere styrkane ved ulike utgåvetypar og gjera det lett å veksle mellom dei. Folk som er interesserte i innhaldet (som historikarar av ymse slag, inkludert litteraturhistorikarar), vil helst ha ein normalisert tekst som er lettlesen og stemmer med formene i ordbøkene, medan språkvtitarar treng diplomatariske utgåver der den interessante variasjonen ikkje er normalisert bort. Det jo nettopp variasjonen

som kan fortelje oss noko om språklege endringar.

I ei digital utgåve er det også mogleg å leggje til annotasjon, altså meir informasjon om kvart enkelt ord. Typisk kan det vera lemma (oppslagsform) og morfosyntaktiske opplysingar (ordklasse, kasus, numerus osv., alt etter kva som er relevant). Det er også mogleg å lenke kvart ord direkte til elektroniske ordbøker, slik at brukaren slepp å slå opp sjølv. Førebels har ikkje så mange utgåver alle slike opplysingar, men det kjem.

# Kapittel 7

## Språkleg variasjon i norrønt

I innføringsbøker som Haugen (2001) møter du eit nokså fast og einskapleg språk, såkalla normalisert norrønt. Berre i nokre få tilfelle (t.d. *sjá/þessi*) er alternative former nemnde. Det er innlysende at språket ikkje kan ha vore heilt eins i heile det relevante geografiske området i 600 år (om me tidfester norrønt til 750–1350).

I handskrifttida var det ikkje like sterke normer for å skrive orda på éin bestemd måte, slik me er vane med i dag. Ei mykje sitert utsegn av den franske filologen Bernhard Cerquiglioni er at «l'écriture médiévale ne produit pas des variantes, elle est variance» 'mellomalderskrifta produserer ikkje variantar, ho er variasjon'. Haugen (2001: 155) skriv på si side at det «berre er i grammatikkane at *nøkkurr* blir bøygd regelrett». Fullt så ille er det ikkje med dei fleste ord, men me skal sjå litt kva som skil normaliserte og unormaliserte tekstar.

### 7.1 Normalisert norrønt i tid og rom

Det første og mest opplagde er at skildringane av norrønt i hovudsak byggjer på handskriftene med det latinske alfabetet frå 1200-talet. Skal ein plassere det nøgnare i tid og rom, kan ein gjerne seie at det ligg nærast islandsk tidleg på 1200-talet. Her er nokre former som bidreg til denne plasseringa:

- Bruken av <ey> i staden for <øy> viser til ei islandsk utvikling /øy/ > /ey/ (delabialisering), medan /øy/ heldt seg i norsk og vart skriva <øy> e.l. Verbet *heyra* er dermed skriva <høyra> e.l. i norske tekstar.
- I konsonantsambanda /hl hn hr/ i framlyd fall /h/ bort i norsk før handskrifttida, men <h> blir skriven i normalisert norrønt.<sup>1</sup> Det er litt usikkert kva uttalen faktisk var i norrønt, men på eit eller anna vis skilde /hl/ seg frå /l/. I moderne islandsk markerer <hl> /l̥/.

---

<sup>1</sup>Sjå kva som står nedst på sida i *Norrøn ordbok* under bokstavane *l*, *n* og *r*.

- Ikring 1200 fall /ɔ/ og /ø/ saman i islandsk, men ikkje i norsk. Normalisert norrønt skil mellom <q> og <ø>. Midt på 1200-talet fall også /ø:/ og /æ:/ saman i islandsk (men ikkje i norsk), men normalisert norrønt skil. Desse vokalane fall aldri saman i norsk og blir skilde åt i handskriftene.<sup>2</sup>

Dette gjeld norma slik ho er gjennomført i grammatikkar og ordbøker. Tekstutgåver kan ha noko variasjon, både litt eldre former og ikkje minst ofte litt meir moderne islandske former. Norma utvikla seg på 1800-talet i praksis (tekstutgjeving) og teori (språkhistorisk kunnskap), og i båe delane av norrønfilologien var det ein preferanse for dei eldste tekstane og språket der (sjå Berg 2014).

## 7.2 Normalisert variasjon

Sjølv i normaliserte versjonar kan noko av variasjonen i kjeldene bli teken vare på. For det første kan ein skilje mellom **tekstintern** og **tekstestern** normalisering (Haraldur Bernharðsson mfl. 2019: § 10.3). Det siste er det enklaste, da blir rettskrivinga tilpassa ei norm som er oppsett utan spesielle omsyn til den aktuelle teksten; i praksis gjeld dette anten normalisert norrønt eller moderne islandsk. Ei tekstintern normalisering er ei konsekvent opprydding i éin tekst. Sidan mange eddadikt berre finst i eitt handskrift (jf. 4.4.1), følgjer mange utgåver av eddadikt dette handskriftet, til dømes med endingsvokalen *o* i staden for *u*.

Også nokre andre ting kan ymse litt mellom ulike normaliserte tekstar, slik at noko av variasjonen i handskriftet får koma inn i den normaliserte utgåva. Nokre typiske døme kan vera desse:

- Endinga i mediopassiv. *Norrøn ordbok* har *-st* (t.d. *finnast*), medan Haugen (2001) har *-sk* (*finnask*), som historisk er ei eldre form.
- Dobbelkonsonant i bøygde former, t.d. verbet *byggja*. Nokre tekstar held på dobbel *gg* i fortid *byggði* (som moderne islandsk), andre forenklar til éin *g* (*bygði*) som skandinavisk gjer.
- Nektingsprefikset *ú/-ó* veksla geografisk; islandsk og trøndsk hadde mest *ó* (som dialektane delvis har enno), medan t.d. *Norrøn ordbok* har *ú-*.
- Vokalane /ɔ/ og /o/ fall som nemnt saman i islandsk, og mange utgåver har <ö> som moderne islandsk, medan andre skil mellom <q> og <o>. Litt færre gjennomfører <æ> for både /æ:/ og /ø:/, fordi dei fall saman i islandsk på 1200-talet (men ikkje i norsk, som framleis skil). Nokre tekstar brukar

<sup>2</sup>Derimot skil norske handskrifter sjeldan /ɔ/ og /o/; båe blir skrivne som <o>, men var heilt sikkert ulike fonem på 1200-talet. Rundt 1300 eller litt seinare fall /ɔ/ og /o/ saman i norsk.



<œ> i staden for <ó>, kanskje fordi det liknar på <æ> og ikkje forstyrrar islendingar så mykje?

- Enkeltord som *með(r)*, *fyr(ir)*, *øngi/engi* kan somtid variere.

Særleg utgåver av dei eldste tekstane kan somtid bruke litt meir arkaiske former. I utgåver av skaldedikt kan ein til dømes finne ein lang *ó*, *u*-omlyd av lang /a:/. Desse lydane fall tidleg saman, men ein kan sjå spor etter skiljet mellom dei i dei aller eldste tekstane, til dømes *Gamalnorsk homiliebok*.

### 7.3 Unormaliserte tekstar

I unormaliserte utgåver er ikkje rettskrivinga justert til normalisert norrønt, men følgjer handskriftet tettare. *Kor* tett det er, kan likevel variere. Somme transkripsjonar prøver å reprodusere detaljane i handskriftet så noggrant som mogleg, i bokstavformer, teiknsetjing og forkortingar, medan andre held seg til vanlege bokstavtypar, justerer teiknsetjinga noko og skriv ut forkortingane. Den siste typen kallar me gjerne *diplomatarisk* attgjeving.

Mange utgåver av norske tekstar er diplomatariske. Det gjeld til dømes alle diploma, men også mange av prosatekstane. For islandske tekstar er det ein sterk tradisjon for normaliserte utgåver, medan det for gamalsvensk og gamaldansk er motsett; der er dei fleste utgåver diplomatariske. For språkvitskaplege undersøkingar er det viktig å bruke diplomatariske utgåver. Noko av det ein normaliserer, er typisk endingsvokalane, samstundes som det er mykje interessant variasjon nettopp der. Og da må ein jo studere former som faktisk finst i handskriftene, ikkje vala ein utgjevar har gjort. (Dét blir i beste fall eit anna forskingsspørsmål, og kanskje ikkje så interessant heller.)

Me kan oppsummere nokre av punkta der rettskrivinga i tekstane varierer, og som ein må tenkje på når ein skal normalisere ein tekst (eller finne oppslagsforma når ein prøver å lesa ein unormalisert tekst):

- Standardisering av teikninventaret, t.d. *r* og *s* for ulike variantar av teikna
- Stor bokstav i særnamn og først i setningar etter moderne reglar
- Teiknsetjing etter moderne reglar
- Markering av lange vokalar med aksent (få handskrifter gjer dette, og ingen konsekvent)
- Standardisering av endingsvokalane som *i*, *u*, *a*
- Skilje mellom halvokalane *j*, *v* og vokalane *i*, *u*
- Skilje mellom *þ* og *ð* og mellom *ð* og *d* (der det òg var noko diakron variasjon innanfor norrønt)

## 7.4 Eldre norrønt

I språkhistoriske framstillingar skil ein gjerne mellom eldre og yngre norrønt med ei grense ein stad mellom 1050 og 1150. Dette er knytt til innføringa av det latinske alfabetet og lange tekstar på pergament. Dei eldste bevarte tekstane er frå siste del av 1100-talet, men dei er avskrifter av eldre tekstar.

Skriftspråket i dei eldste tekstane måtte bli nokså talemålsnært, for det fanst ingen skriftleg tradisjon å stø seg til – skrifvarane måtte følgje talemålet sitt (jf. Berg 2019: 49). For den eldste islandsken har me også ei særmerkt kjelde, den såkalla *Første grammatiske avhandling* (FGA, utg. av Hreinn Benediktsson 1972). Den anonyme forfattaren diskuterer kva teikn som trengst for å skrive islandsk, og gjev derfor ein gløgg analyse av lydsystemet i islandsk tidleg på 1100-talet. Blant anna viser han med minimale par – som det kom til å heite i språkvitskapen 800 år seinare – at gamalislandsk hadde nasale vokalar, i motsetjingar som *hár* ‘hår’ – *hār* ‘hai’.<sup>3</sup> Skal ein koma lenger tilbake enn språktilstandet skildra i FGA, har me fleire ulike kjelder:

**Runeinnskrifter** frå vikingtida. Dei er nokså få og stutte, og den yngre fuþarken med berre 16 teikn (og berre fire for vokalar) gjer at den eksake lydverdien ofte er uklår.

**Skaldedikt** følgde strenge metriske reglar, der *aðalhendingar* jamvel kravde at vokallengda var identisk (til dømes rima *or* med *or*, men ikkje med *ór*). Mange skaldedikt er nok så gamle som dei gjev seg ut for, og bevarer eldre språkformer frå 900- og 1000-talet.

**Lånord** i andre språk (samisk, finsk) og dels i samtidige tekstar på latin frå grannelanda i sør kan fortelje noko om eldre nordisk.

**Stadnamn** kan bevare eldre ord. Til dømes har Noreg mange fjordar med namn på *-anger* (el. *-angen*, i nyare tid ofte utvida med *-fjorden*), men Island har ingen. Det tyder på at *angr* m. var erstatta av *ffjorðr* som appellativ (sammamn) før busetjinga av Island rundt 900.

**Rekonstruksjonar** baserte på historisk-komparativ metode er avgjerande for å fylle ut dei sparsame kjeldene nemnde ovanfor.

Me går ikkje nøgnare inn på kva det er råd å finne ut med desse metodane her. Mykje av dette er teke opp særleg i litteraturen om runeinnskrifter, og det blir straks nokså krevjande. Men har ein meistra den vanlege variasjonen i norrønt, har ein eit godt utgangspunkt for å forstå eldre språksteg òg.

<sup>3</sup>*Hār* < urgermansk *\*hānha-* m. med nasalisering av vokalen og bortfall av *n*.

# Litteraturliste

- Bandle, Oskar. 1973. *Die Gliederung des Nordgermanischen*. Basel/Stuttgart: Helbing & Lichtenhahn.
- Berg, Ivar. 2014. Om normalisert norrønt. *Arkiv för nordisk filologi*, 129, 21–54.
- Berg, Ivar. 2016. Ei boksamling frå reformasjonstida og norsk litterær kultur i seinmellomalderen. *Maal og Minne*, 2016(1), 1–34.
- Berg, Ivar. 2019. *Språket som vart norsk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Burke, Peter. 1998. *The European Renaissance. Centres and peripheries*. Oxford: Blackwell.
- Cook, Robert & Mattias Tveitane (red.). 1979. *Strengleikar. An Old Norse Translation of Twenty-One Old French Lais*. Norrøne tekster 3. Oslo: Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt.
- Haraldur Bernharðsson, Odd Einar Haugen & Ivar Berg. 2019. Normalisation. I Haugen (2019). [www.menota.org](http://www.menota.org).
- Haraldur Bernharðsson & Odd Einar Haugen. 2019. Levels of text representation. I Haugen (2019). [www.menota.org](http://www.menota.org).
- Haugen, Odd Einar. 2001. *Grunnbok i norrønt språk*. 4. utg. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Haugen, Odd Einar. 2013a. Editionen westnordischer Mittelaltertexte in Skandinavien – ein historischer Überblick. I Paula Henrikson & Christian Janss (red.), *Geschichte der Edition in Skandinavien*, 13–47. Berlin: de Gruyter.
- Haugen, Odd Einar (red.). 2013b. *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haugen, Odd Einar. 2013c. Tekstkritikk og tekstfilologi. I Haugen (2013b), 76–126.

- Haugen, Odd Einar (red.). 2019. *The Menota Handbook*. 3. utg. Bergen: Medieval Nordic Text Archive. [www.menota.org](http://www.menota.org).
- Holm-Olsen, Ludvig. 1981. *Lys over norrøn kultur*. Oslo: Cappelen.
- Hreinn Benediktsson. 1972. *The First Grammatical Treatise*. Institute of Nordic Linguistics.
- Hårstad, Stian, Terje Lohndal & Brit Mæhlum. 2017. *Innganger til språkvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Jørgensen, Jon Gunnar. 2013. Håndskrift- og arkivkunnskap. I Haugen (2013b), 28–75.
- Kjartan G. Ottósson. 1988. Den isländska språkhistoriens primärkällor och deras användning, eller Är historisk lingvistik möjlig utan filologi? I Jan Svensson (red.), *Nordistiken som vetenskap*, 120–155. Lund: Studentlitteratur.
- Mundal, Else. 2013a. Edda- og skaldedikting. I Haugen (2013b), 356–416.
- Mundal, Else. 2013b. Sagalitteraturen. I Haugen (2013b), 418–462.
- Myrvoll, Klaus Johan. 2022. Review of Michael Schulte, *Urnordisch: Eine Einführung*. Wien: Praesens Verlag, 2018. *Futhark*, 12, 183–197.
- Noreen, Adolf. 1923. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre): Unter Berücksichtigung des Urnordischen*. Altnordische Grammatik I, 4. utg. Halle: Niemeyer. Eldre utgåver 1884, 1892 og 1903.
- Rindal, Magnus. 1990. Framveksten av dei filologiske faga, særleg norrønfilologien, i Noreg. I Odd Einar Haugen & Einar Thomassen (red.), *Den filologiske vitenskap*, 209–226. Oslo: Solum.
- Rindal, Magnus. 1993. Norsk språk 1350–1550: Gammalnorsk eller mellomnorsk? I Ernst Håkon Jahr & Ove Lorentz (red.), *Historisk språkvitenskap/Historical Linguistics*, Studier i norsk språkvitenskap 5, 395–404. Oslo: Novus.
- Seim, Karin Fjellhammer. 2013. Runologi. I Haugen (2013b).
- Spurkland, Terje. 2001. *I begynnelsen var ʀ ṽ þ ṛ <*. Oslo: Cappelen Akademisk/Landslaget for norskundervisning.
- Turner, James. 2014. *Philology: The Forgotten Origins of the Modern Humanities*. Princeton: Princeton University Press.
- Wellendorf, Jonas. 2013. Lærdoms litteratur. I Haugen (2013b), 302–355.